MEIR ENN Å SLØKKJA BRANN

Fitjar brann og redning 1952–2022

MEIR ENN Å SLØKKJA BRANN

Fitjar Brann og redning 1952–2022

© Fitjar brann og redning 2022

TEKST: Kjetil Rydland og Håkon C. Hartvedt
FOTO: Fitjar brann og redning, Kjetil Rydland og Håkon C. Hartvedt.
DESIGN: Helge Mikal Hartvedt
TRYKK: Skag Design

FORORD

Når me i desse dagar feirar ny brannstasjon, er det nøyaktig 70 år sidan Fitjar kommunale brannvesen blei oppretta. Før den tid hadde me knapt nokon å venda oss til om flammane skulle komma ut av kontroll. Me måtte få tak i gode naboar og gå laus på brannen etter beste evne med vassbøtter og brannpisker.

I løpet av desse 70 åra har Fitjar brannvesen og beredskapen i bygda gått gjennom ei rivande utvikling. Brannvesenet begynte med ei enkel pumpe og nokre slangar, og i dag har me ein bilpark med kommandobil, redningsbil, ein stor tankbil og ein mannskapsbil. Mannskapa er topp utdanna både innan brannvern, førstehjelp og forureiningsvern, og dei har vakt 24 timar i døgeret.

FITJAR BRANDTRYGDELAG 1899

Men sjølv om det ikkje fanst eit offentleg brannvesen med eigna sløkkjeutstyr før i 1952, blei det gjort ein del organisert brannførebyggjande arbeid før den tid. Dette skjedde først og fremst gjennom Fitjar Brandtrygdelag, som blei skipa i 1899 på initiativ frå Tharald Vestbøstad.

Før den tid var dei fleste bygningane ute på gardane ikkje forsikra, men Fitjar Brandtrygdelag bidrog til å gjera forsikring av bygningar til ei allmenn sak. I 1899 hadde laget 110 medlemmer, og i 1947 var medlemstalet 427. Den samla trygdesummen auka i same perioden frå 283 130 kroner til 3 542 875 kroner.



» Tharald S. Vestbøstad var laget sin fyrste formann og kasserar, og initiativtakar til Fitjar Brandtrygdelag.

I planen for Fitjar Brandtrygdelag for bygningar og lausøyre, godkjent av *Departementet for de offentlige arbeider* i 1933, ser me at medlemmene i selskapet hadde omfattande reglar for branntryggleik å retta seg etter.

BRANNEN HOS JENS AARBØ 1933

Same året blei kommunekasserarkontoret til Fitjar råka av brann. Dette er nok den eldste brannen i Fitjar som me framleis har gode augevitneskildringar frå. Den 30. januar 1933 brann huset til Jens Årbø ned til grunnen, og alt innhaldet i heimekontoret til «Skatta-Jens´n» kom vekk, saman med mesteparten av innbuet i huset.

Den skuldige var treåringen Nils, som leika seg med fyrstikker på heimekontoret til far. Nils Aarbø er same mann som rundt 30 år seinare blei den første kommuneingeniøren i Fitjar, men han hadde ikkje ansvaret for brannvern, slik Kåre Selle (frå 1967) og dei fleste kommuneingeniørane etter han hadde.

Den gongen var det ikkje noko brannvesen å ringja til, og det gjekk berre eit par timar før huset var brent ned til grunnen. Det einaste dei hadde å hjelpa seg med, var vassbøtter, som dei brukte til å henta opp vatn frå brunnen i tunet. Dei tømte brunnen for vatn, men hadde naturlegvis ingen sjanse til å berga huset. Dei greidde å hindra at brannen spreidde seg til løa, som stod like ved.

Ingen kom til skade i brannen, og huset var forsikra i Fitjar Brandtrygdelag.

FITJAR BRANDTRYGDELAG BER KOMMUNEN KJØPA BRANNSPRØYTE

Fitjar heradsstyre tok opp saka om brannvern 16. mai 1947, etter å ha fått eit skriv frå Norges Brannkasse. Det blei valt ei nemnd som skulle tinga med Norges Brannkasse, Kvinnherad Brandtrygdelag og Fitjar Brandtrygdelag om beste måten å løysa saka på. Valde blei Martin Rimbereid, B. Tronshaug og Olav Vestbøstad.

I 1948 – den 24. november – vedtok styret i Fitjar Brandtrygdelag å venda seg til Fitjar kommune med oppmoding om å ta opp spørsmålet om innkjøp av brannsprøyte til bygda. Branntrygdelaget ville i tilfelle stilla seg velvillig om det kom søknad om tilskot til innkjøp av sprøyta.

Brannvern for Fitjar var sak på heradsstyremøtet 5. mai 1949. «Nemnda som har gjeve utgreiing i saki meiner at kostnaden vert kring kr 20 000. Samrøystes vedtak: Heradsstyret er samd i at det vert skipa brandvern for Fitjar og vil oppmoda nemndi å arbeida vidare med saki.»

Fitjar heradsstyre tok utgangspunkt i ei grundig utgreiing frå nemnda som dei hadde sett ned i møtet sitt 28. desember 1948 til å utgreia spørsmålet om brannvesen i Fitjar. Innstillinga frå Thor Vestbøstad, Elling Prestbø og Edvard Hardeland kom 10. mars 1949, og her heiter det:

«Når det gjeld brandvern for bygdi, so bør dette etter nemndi si meining omfatta alle gardar som ligg slik til, at dei har vegsamband og har vatn eller sjø i nærleiken. Dessutan bør brandvernet hjelpa til på andre stader der det er råd å koma fram med brandsprøyta. Førebels so finn ikkje nemnda å kunna koma med noko beinveges tilråding når det gjeld det område brandvernet bør omfatta.»

Nemnda har sikra ein lovnad om tilskot frå Fitjar Brandtrygdelag, Norges Brannkasse og Kvinnherad Brandforsikring. Nemnda har vore i kontakt med firmaet Hofstad i Oslo, som forhandlar brannsprøyter og anna utstyr, og meiner dette er det som Fitjar kommune treng til brannvesenet sitt:

1. Berbar motorbrannsprøyte av typen «GOLIATH IV»	6 975,00
2. Open tohjula transportvogn for sprøyta	1 500,00
3. 20 lengder 2 ½ t. Mandal linslangar m/ NOR messingkoplingar	6 093,40
4. To NOR strålerøyr av messing	165,04
5. Eitt NOR strålerøyr type «SK»	133,94
6. Eitt brandsegl 4x6 meter med lommer	215,80
7. To par NOR koplingsnøklar	15,74
8. Fem lekkasjestopparar for 2 ½ toms slangar	27,00
Til saman	**15 125,92**

«I tillegg kjem frakt frå Oslo, brannstigar, hakker og anna naudsynleg utstyr, og so brandstasjon og alarmklokka. Det kan såleis vera vanskeleg å koma frå denne kostnaden med mindre enn kr 20 000», skriv nemnda, og avsluttar slik: *«Ein må be heradstyret handsama saki snarast.»*

Då Fitjar kommune gjekk til innkjøp av dette utstyret, blei det ikkje brannsprøyte av typen Goliath IV. I staden kjøpte dei ei Albin 800. Om dette var så lurt, er usikkert, for denne pumpa var vanskeleg å starta, og var ei stor utfordring for pumpemannskapa. Likevel var ho i drift frå starten i 1952 og utover heile 1960-talet. Arne Olav Helland er den som har mest erfaring med å handtera denne vanskelege pumpa. Han fortel at eitt av problema var at ho var vassavkjølt; dermed hadde ho lett for å gå seg varm med det same ho starta, dersom avkjølinga ikkje fungerte straks.



» Slik såg den første Albin 800 brann-pumpa til Fitjar brannvesen ut.

» Magnar Torland med hjelm av den gamle sorten.

GARASJEN TIL THOR VESTBØSTAD BLIR BRANNSTASJON

Fitjar brannvernnemnd ved Thor Vestbøstad stadfestar i brev til Fitjar kommune i august 1950 at dei har fått lovnad om støtte frå Norges Brannkasse på kr 5000, frå Kvinnherad Brandforsikring på kr 3000 og Fitjar Brandtrygdelag på kr 5000. Reiskapen kostar til saman om lag kr 22 000.

Fitjar heradsstyre behandlar saka nokre dagar seinare, og går til innkjøp av sløkkjemateriell.

I brevet sitt skriv Thor Vestbøstad at nemnda no reknar seg for ferdig med arbeidet sitt. Men heilt ferdig er han ikkje, og 27. april 1951 skriv han til Fitjar kommune:



So var det brandstasjon: Dersom det er interesse for garasjen, so er eg viljug til å selja denne. Den har ikkje grunn under seg, men so vidt eg skyna, er det lett å få dette til. Gjert Hatlevik har planer om å byggja på sida av garasjen, og soknepresten og Hatlevik var idag her hjå meg for å høyra om eg hadde tenkt å utvida grunnen austover. Det måtte dei ha greie på, før Gjert fekk lovnad på kvar tomten hans skulde vera. Til det svara eg, at eg no kom til å by fram garasjen som brandstasjon, og om kommunen og eg vart samnd, vilde det verta kommunen som kom til å ta stilling til det. Eg nemnde med det same, at ein i tilfelle måtte ha ein slangeturkar utanfor huset. Eg nemnde og at eg skulde gjera kommunen merksam på dette. Dei måtte få ei avgjerd snarast. Prisen for garasjen som han no står er kr. 2.000.oo.
Eg må få vita om kommunen godtek tilbodet snarast.
Vyrdsamt

» Thor Vestbøstad byr fram garasjen sin til brannstasjon for Fitjar kommune.

«Brandsprøyta, slangar, koplingar og munnstykker som var tinga er no komne, og står førebels i garasjen hjå meg. Ein må no ha ein mann til å ta seg av alt materiell, slik at ikkje noko tek skade …

… So var det brandstasjon: Dersom det er interesse for garasjen, so er eg viljug til å selja denne. Den har ikkje grunn under seg, men so vidt eg skyna, er det lett å få til. … Prisen for garasjen som han no står er kr 2 000,00 kr. Eg må få vita om kommunen godtek tilbodet snarast.»

Fitjar kommune kjøpte garasjen til Thor Vestbøstad, og den tente som brannstasjon i Fitjar i over 40 år, til brannvesenet installerte seg i «Industrihuset» i Årskog i 1993. Branngarasjen var sentralt plassert i Fitjar sentrum, rett overfor dei største butikkane. Dermed var det lett for brannmannskapa som budde i området, å høyra brannsirena, og dei hadde kort veg til brannvernutstyret ved mobilisering. Den første sirena var av typen Elektror S3A.

I byrjinga måtte den som tok imot melding om brann, gå bort til brannstasjonen og slå på sirena for å mobilisera brannmannskapa. Men etter relativt kort tid blei tyfonen kopla til telefonsentralen, slik at dei

» Branngarasjen tidleg på 1990-talet.

kunne slå på tyfonen derfrå når dei fekk melding om brann per telefon. Sentralen blei driven av Knut Tveita, og kona hans, Helga, og låg like ovanfor Fitjar sentrum. Det tok likevel fleire år før det blei installert telefon i brannstasjonen.

Når brannmannskapa skulle ha øving, blei dei mobiliserte ved hjelp av denne brannsirena, og i Sunnhordland 11. juni 1956 kan me lesa:

«Fitjar Brannvern. Det vert brannøving ein gong denne veka. Ein vert innkalla med brannsirena. Den som heretter utan gyldig grunn let vera å møta til brannøving, må rekna med påtale. Fitjar Brannvern. Brannsjefen.»

I tillegg til å vera brannstasjon var garasjen ein informasjonssentral for bygda. Det var der alle viktige plakatar blei slegne opp, og der måtte me følgja med for å halda oss orienterte om det som gjekk for seg i Fitjar. Til og med lagoppstillinga til neste fotballkamp kunne me få med oss her. Stod du på lista, skulle du spela, viss ikkje, trong du ikkje møta opp!

Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern godkjende i brev av 27. mars 1990 flytting av brannstasjonen, frå garasjen i Fitjar sentrum til

Fitjar Brannvern.

Brannsirena vert prøvekøyrt onsdag 2. mars kl. 17.

FITJAR BRANNVERN.

» Mannskapa blei mobiliserte ved hjelp av brannsirena.

teknisk etat sin uteseksjon i *«Industrihuset»* i Årskog. *«Når det gjeld brannstasjonanes geografiske plassering i kommunane, er DBE av den meining at det er dei lokale brannmyndigheitene (brannstyre/brannsjef), ut frå si lokalkjennskap, som best er i stand til å vurdera kor stasjonane skal lokaliserast.»*

Ein viktig grunn til å byggja den nye brannstasjonen i Fitjar sentrum, i staden for å byggja ut den gamle i Årskog, er at responstida no blir monaleg redusert. Den nye stasjonen ligg mykje nærmare dei fleste aktuelle objekta, storparten av bustadhusa i Fitjar, dei store industriarbeidsplassane, gamle- og sjukeheimen og forretningsbygga ved Fitjarsjøen.

» Brannstasjonen blir riven.

» Osvald Nesbø, brannsjef i Fitjar i mange år.


17/11 54.
Brannsprøyta var ikkje i orden, motorfolkene blir oppmoda om å få den i orden.
22/11 54.
Magnus Skålevik har fått brannsprøyta stand

» Utskrift får møteboka til brannstyret viser at dei hadde problem med pumpa.

BRANNVESENET BLIR OPERATIVT

I april 1952 gjorde Fitjar heradsstyre vedtak om å kjøpa inn det utstyret som mangla, etter oppgåva frå brannvernnemnda. Samstundes blei desse valde inn i brannvernet: Brannsjef: Ingolf Strandnæs, varabrannsjef: Per Wichmann, brannmannskap: Osvald Nesbø, Ths. Fitjar, Lars Helland, Morten Helland, E. Thorland, Håkon Vestbøstad, Knut L. Rydland og Ole J. Tufteland, Gerhard Olsen, Harald Henriksen, Elling Prestbø, Sverre Aarskog, Bjarne Lunestad, Lars O. Rimmereid, Helfred Skram, L. L. Skålevik, Odd Larsen og Tørres Vestbøstad.

Brannsjefen saman med brannvernnemnda fekk i oppdrag å kjøpa inn reiskapar og organisera brannvernet etter innstillinga frå brannvernnemnda og heradsstyret sitt vedtak.

Kort tid etter blei Bjarne Lunestad tilsett som brannsjef, men han sat berre i knapt halvtanna år. I november 1953 blei Osvald Nesbø tilsett som

brannsjef, medan Bjarne Lunestad blei brannmeister. Osvald sat som brannsjef «i alle år» til ansvaret blei lagt under kommuneingeniøren, i 1967, då Kåre Selle begynte i Fitjar kommune.

Det tok 20 år før brannvesenet i Fitjar fekk sin eigen brannbil. Ved brann rykte dei ut med ei brannpumpe som blei slept etter ein privatbil. Motormannskap på brannsprøyta dei første åra var Lars Helland, Magnus Skålevik, Håkon Vestbøstad og Knut L. Rydland.

Stygg takbrann på Fitjar Gamleheim i dag.

Brann-mannskapet greidde å sløkkja elden og berga huset.

Frå Fitjar vert meldt:

I dag morgon i 9-tidi vart det meldt brann i Fitjar Gamleheim. — Folk kom straks til og fekk berga ut alle dei gamle — og sidan det meste av innbuet. — Brannmannskapet var og straks på pletten med motorsprøyta og sløkkjereiskap — men det såg so spøkje ut med same at dei ogso ordra brannsprøyta frå Leirvik. Brannmannskapet frå Leirvik køyrde straks utover — men då dei kom ut og hadde lagt fram slangane — hadde brannstellet i Fitjar fenge elden under kontroll.

Det var ein del arbeidar som skulde reisa frå kaien, som fyrst såg at det rauk so kollosalt frå taket på Gamleheimen. Dei slo brannalarm og straks samlast folk og gjekk igang med bergingsarbeidet. Det gjekk kvikkt å få ut dei gamle. Og det meste av innbuet vart bore ut og lagra på husmorskulen.

Brannmannskapet laut fyrst hogga hol i taket før dei kom til elden. Det såg lenge ut til at heile huset skulde brenna ned — men etterkvart dei kom til med vatnet laut elden gjeva seg og etter iherdig arbeid vart dei herre over elden.

Det var i 3dje høgdi elden tok til (på loftet) der hadde tenarskapet bustadrom.

Brannskaden på loftet og taket var stor. I dei andre høgdene var det mest vann-skade. — Folk vassa til over skorne under bergingsarbeidet, vert det meldt.

Årsaki til elden var førebils ukjend.

Fitjar kyrkje

» Fitjar brannvesen gjorde ein god innsats under brannen på Gamleheimen i 1957.

BRANNEN PÅ GAMLEHEIMEN I 1957 AVDEKTE UTSTYRSMANGEL

Mannskapa til Fitjar brannvesen fekk etter kvart vist at dei dugde, ikkje minst under brannen på Fitjar gamleheim 11. november 1957. Brannvesenet rykte ut saman med frivillige, og fekk ros for innsatsen sin. *«Brannmannskapet var òg straks på pletten med motorsprøyta og sløkkjereiskap – men det såg so spøkje ut med det same at dei ogso ordra brannsprøyta frå Leirvik. Brannmannskapet frå Leirvik køyrde straks utover – men då dei kom ut og hadde lagt ut slangane – hadde brannstellet i Fitjar fenge elden under kontroll … Brannmannskapi og hjelparane skal ha ros for sindig og roleg framferd …»*, kan me lesa i bladet Sunnhordland.

I mange år måtte Odd Larsen sin Ford Transit gjera nytta som brannbil. Bilen hadde ikkje tilhengarfeste, og eit par mann sat heilt bak i lasterommet og heldt brannsprøyta med hendene under utrykking. Det mangla sjølvsagt mykje på dagens HMS-krav. Som oftast gjekk det rimeleg bra, men det var veldig skummelt dersom bilen måtte bremsa, fortel pumpemann Arne Olav Helland

Dette var ein vanskeleg og viktig jobb, for pumpa var ikkje alltid like lett å få til å gå. Då Vestbøstad mølle brann ned, 1. august 1960, var det lite brannvesenet kunne gjera, for «pumpa vart køyrt sund», står det i referatet til brannsjefen.

Pumpa blei send til AS Stord (Aker) for reparasjon, og under øvinga 28. august fungerte ho tilfredsstillande. I tillegg til dei fire ovanfor nemnde pumpemennene var Arne Drønen med på øvinga.



Aar 1957 den 11 november var
hovdt møte i Fitjar brannstyre
Det vista seg ved brannen idag
på Fitjar gamleheim at vi manglar
nødvendig slukningsmaterie og utstyr.
Ein vil difor henstille til kommunen
at det blir innkjøpt.
1. grenrør av lettmetall, verdi kr 225
4 røykmaskar " 424
1 forsuhjelpsvesta med utstyr " 65
10 kjellardrsa " 450
Samtidig vil vi minne om ansvaret
v/ feier i Fitjar.
Ingolf Sanden Blumstad
Oswald Vaslø. Hans Dillard
Tormod Sørside

» Brannen på Gamleheimen avdekte at Fitjar brannvesen mangla ein del utstyr, som brannstyret same dag bad Fitjar kommune kjøpa inn, kan me lesa i møteboka til Fitjar brannstyre.



I august 1960. Var det meldt brann
i Vestbøstad Mølle Mandag 1/8 kl. 7.25
Brannvesen rykte ut og var på plass
ca 12 min etter at sirena gjekk.
Da brannvesen kom fram stod elden
gjennom taket på hele bygningen.
Brannvesen hadde ikkje anna
å gjøra en å hindra at elden spreidde
seg til noko tømmer og materiale
som lag like ved. Mølla, som brukte
kjelverket i robat og anna verkty og fulleutstyr
stauk ned.

» Referat frå då Vestbøstad mølle brann ned, 1. august 1960.

FITJAR FÅR FEIAR

I Sunnhordland 28. januar 1957 kan me lesa at:

«Brannstyret for Fitjar har halde møte og valde her til formann, brannsjef Osvald Nesbø, med murmeister Tormod Søreide til varaformann. Brannstyret meiner elles at det bør tilsetjast feiar for heradet.»

I 1962 kom feiing for Fitjar i stand, ifølgje badet Sunnhordland 4. juli 1962: *«Feiar-ordninga for det tettbygde stroket i FITJAR trør i kraft frå 1. juli 1962. Feiing tek til med det første.»*

Feiar i Fitjar var «i alle år» bergensaren Knut A. Olsen, som begynte som feiar på Stord i 1957. Han heldt fram med å feia piper i Stord og Fitjar heilt til han gjekk av med pensjon. Og Fitjar har framleis samarbeid med Stord kommune om feietenester.

Feiar-ordninga

for det tettbygde stroket i FITJAR trør i kraft frå 1. juli 1962.

Feiing tek til med det første.

Nærare kunngjering om tid og stad.

Brannsjefen.

» Feiarordninga kom i stand i 1962. Faksimile frå bladet Sunnhordland.

1955: NY LANDSOMFATTANDE BRANNLOV

Med eit operativt brannvern på plass tidleg på 1950-talet var Fitjar kommune ute i god tid i forhold til den nye landsomfattande brannlova som var på trappene. Den nye brannlova blei vedteken 19. november 1954 og tredde i kraft 1. juli 1956.

Dei første reglane om brannvern her i landet finn vi allereie kring år 1100 e.Kr. i Gulatingslova, som sette straff for å vera skuld i brann. Den første eigentlege brannvernlovgivinga fekk me i 1274 i Magnus Lagabøtes lov. I 1767 blei det utferda ei allmenn brannordning for kjøpstadene, og denne danna grunnlaget for brannvernlovgivinga heilt opp til vår tid. Då Ålesund brann i 1904, kom spørsmålet om ei ny brannlov opp. Resultatet var brannlova av 15. august 1908.

I bladet Sunnhordland 1. mars 1955 kan me lesa om den nye brannlova som Stortinget vedtok i haustsesjonen 1954. Her heiter det i § 1: *«Hver kommune skal anskaffe de slokkingsmidler, holde den mannskapsstyrke og treffe de foranstaltninger som er nødvendig for at stedet etter forholdene kan anses tilfredsstillende sikret mot brannfare … Mannskapene skal øves, så de til enhver tid er fortrolig med bruken av brannmateriellet.»*

Det var særleg i landkommunane den nye lova førte til ei betring i brannvernet, då det blei bestemt at ho skulle gjelda unntaksfritt for alle landkommunar over 2000 innbyggjarar.

I kvar kommune der lova gjeld, skal det vera eit brannstyre med fem medlemmer, der lensmannen eller politimeisteren og brannsjefen er faste. I alle kommunar skal det vera ein brannsjef med stedfortredar og

ein brannmeister. Er det ikkje behov for fast tilsetjing, blir dei valde for fire år av kommunestyret.

I forarbeida til den nye brannlova av 1954 blei det understreka å førebyggja og avgrensa brannfare uansett kommunale grenser, og behovet for ei brannlov med ein uttrykkeleg regel om plikt til å rykkja ut også i nærliggjande kommune. Brannsjefen er pålagt plikt til å la brannvesenet rykkja ut til hjelp ved brann i annan kommune i den utstrekning han finn at dette kan skje utan vesentleg risiko for branntryggleiken i eigen kommune.

Kommunane framfor ny brannlov.

Nytt brannvernmateriell naudsynt – men det løner seg.

I haustsesjonen vedtok Stortinget ei ny brannlov som skal setjast i verk etter nærare reglar frå Kongen. Det heiter i § 1 i lovi :

«Hver kommune skal anskaffe de slokkingsmidler, holde den mannskapsstyrke og treffe de foranstaltninger som er nødvendig for at stedet etter forholdene kan anses tilfredsstillende sikret mot brannfare. Brannmateriellet skal holdes forsvarlig ved like, oppbevares på tilfredsstillende måte og prøves regelmessig. Mannskapene skal øves, så de til enhver tid er fortrolig med bruken av brannmateriellet.

Departementet fører tilsyn med at denne bestemmelsen blir overholdt og kan, — — gi nødvendige pålegg på anskaffelse av materiell m. v.»

Om finansieringsspørsmålet sa byråsjef Schultze nyleg på eit møte i Den norske Forsikringsforening :

«Forutsetningen for den nye brannlovs gjennomførelse er fremdeles at brannvesenet prinsipalt er en kommunal oppgave, som treng brannvern. Samla folkemengd i desse 276 kommunane er i alt 356.000, eller 16 pst. av ibuartalet i alle landkommunar.

Då det var ordskifte om lovframlegget og finansieringi, måtte ein dryfta om det nokon gong kan løna seg å lata det brenna når ein tek omsyn til det brannvernmateriellet kostar. — Men resultatet av dryftingi var at alle slutta opp om dei ordi som formannen i Kommunalkomiteen sa då lovframlegget vart lagt fram i Stortinget :

«Det er på høy tid å få skapt en fastere organisasjon med tryggere vern mot brann enn vi hittil har hatt. Selv om den enkelte brannlidte kan få dekning for tapet sitt gjennom forsikring, er det allikevel samfunnsverdier som ødes — og det rammer oss alle.»

50 års organisert mål

Vestlandske Mållag sende

» Faksimile frå bladet Sunnhordland 1. mars 1955.

» Arne Olav Helland var sjåfør på den første brannbilen til Fitjar kommune. Bilen står i dag i Årskog, der Fitjar Veteranbilklubb tar vare på han.

FØRSTE BRANNBILEN

I brev til Fitjar formannskap 7. september 1970 ber kommuneingeniør Kåre Selle om brannbil og ei ny pumpe til brannvesenet. Han peikar på ein Land Rover til 70 000 kroner som det rimelegaste alternativet. Ei ny pumpe vil kosta 15 000 kroner.

Den nye, separate brannpumpa som blei kjøpt om lag samstundes, var mykje betre enn den gamle Albin 800. Dette var ei Rosenbauer pumpe med luftavkjølt VW bensinmotor. Den var mykje enklare å starta enn den gamle, fortel Arne Olav Helland. Men ho måtte sveivast i gang, og han seier på spøk at opptaksprøven til brannvesenet gjekk ut på å sveiva i gang denne pumpa! Greidde du ikkje det, fekk du ikkje vera med i brannkorpset!

23. september 1970 gjorde Fitjar heradsstyre prinsippvedtak om å

kjøpa brannbil, og i oktober 1971 gjekk dei inn for å kjøpa ein Land Rover til 71 610 kroner. Bilen kom hausten 1972, men fekk ikkje prøvd seg første året. Dette gjorde bladet Sunnhordland eit aldri så lite nummer av i januar 1974.

Men kort tid etter skulle brannvesenet verkeleg prøva seg igjen, men utan den nye brannbilen og den nye pumpa. Påskeaftan, 13. april 1974, braut det ut storbrann på Melsmyrane, og brannen spreidde seg i stor fart sørover mot Jørundskogen og austover mot Melen.

Mange i brannkorpset var bortreiste, men dei brannmannskapa som var heime, rykte ut saman med fleire hundre frivillige. Dei tok med seg det lett transportable materiellet som Fitjar brannvesen rådde over på den tida, ei beresprøyte og 12 slangar på 30 meter kvar.

Torgils Vestbøstad var maskinist på den berbare pumpa, og den fungerte som ho skulle. Til journalisten som dekte brannen for Haugesunds Avis, slo Torgils fast: – Skulle innsatsmedalje delast ut etter brannsløkkinga, måtte den ha gått til denne vesle pumpa, som var einaste tekniske hjelpemiddelet i kampen mot flammane i Fitjar-fjella.

Den nye brannbilen i Fitjar har ikkje fått røyna seg

Hausten 1972 kjøpte Fitjar kommune ny brannbil, men til dags dato har denne ikkje fått røyna seg ved utrykning.

— Sidan me fekk brannbilen har me enno ikkje hatt brann her i Fitjar, seier komm. ing. Selle til Sunnhordland. Det er sjeldan me slepp lyngbrannar her, men heldigvis vart me skåna for dette også i fjor, seier Selle.

Og heldigvis kan me vel seie også til at den nye brannbilen hittil berre har vorte nytta til øvingar.

» Faksimile frå bladet Sunnhordland.

» Den nye brannpumpa frå 1970 er ein Rosenbauer med VW-motor. Her viser Arne Olav Helland sveiva dei brukte til å starta motoren med

» Brannen i Fitjarfjellet påskeaftan 1974, sett frå Fodno. FOTO: TORGEIR STEIEN

Torgils Vestbøstad forklarte at *«ho putra og gjekk i time etter time, utan stans og berga mykje skog.»*

Den nye brannbilen fekk etter kvart vist at han dugde. Han hadde ei pumpe montert fast på fronten, og i tillegg kunne dei dra den nye Rosenbauer-pumpa. Bak førarsetet hadde dei ein tank med 600 liter og ein brannslange kopla til pumpa i fronten.

Å køyra Land Rover-en med den tunge vasstanken var som «å styra

ei seglskute», fortel Arne Olav Helland. Bilen hadde ein motor på under 100 hk, og hadde ein lei tendens til å låsa seg i andre gir. Då måtte han stoppa bilen heilt for å komma i gang igjen. Farten var ikkje stor i motbakkane, og det hende at det kom skodelystne ungdommar på moped og køyrde forbi brannbilen under utrykking!

TIRSDAG 16. APRIL 1974

SPANANDE TIMAR I KAMPEN MOT ELDHAVET

Klokka var 13,40 laurdag ettermiddag då ein av grunneigarane i fjellområdet som brann, Kristen Aarbø varsla varabrannsjefen, Sigurd Gloppen i Fitjar om at det hadde brote ut brann ved Småliene, og at det hadde utvikla seg mykje røyk oppover Mælsmyrane.

Brannsjefen, kommuneingeniør Selle var på påskeferie, som han for øvrig braut av og kom til brannstaden seinare på kvelden.

— Eg let brannsirenene gå med det same, men av folka som høyrer til brannkorpset var mange bortreiste, fortel Sigurd Gloppen. Saman med mange andre friviljuge tok dei med seg det lett- transportable utstyret Fitjar brannvesen rår over: Ei bæresprøyte og 12 slangar på 30 meter kvar.

Ved halv tre-tida var sprøyta i full gang på brannstaden inne på fjellet mellom Fitjar og Stord.

— Oppgåva vår i fyrste omgang var å hindra at brannen spreidde seg nordover til gardane som ikkje låg så altfor langt unna, og det makta vi, fortel Gloppen.

Men no var røyken så tett at det var umogeleg å sjå kor langt brannen hadde spreidd seg mot sør — mot Stord. Sikkert var det at tilhøva for ein verkeleg katastrofebrann var til stades — med tørre gras- og tre-

Skulle innsatsmedalje delast ut etter brannslokkinga, måtte ho ha gått til denne vesle pumpa, som var einaste tekniske hjelpemiddelet i kampen mot flammane i Fitjar-fjella. Torgils Vestbøstad forklarte at «ho putra og gjekk i time etter time, utan stans og berga mykje skog».

vekster og ein stadig frisknande vind frå nord.

Elden kasta seg over Litle-Mælen og tok også vidare innover mot sør og sør-vest. — Flammane kasta seg framover like fort som ein mann kan springa, fortel varabrannsjefen. No galdt det å redda storskogen mot vest — Rydlandsskogen.

Den vesle, men trufaste pumpa gjekk og gjorde uvurderleg nytte. Frå vatn til elv og tilbake til vatn flytta dei friviljuge mannskapa og folk frå brannkorpset pumpa og slo gradvis ned eldlogane som i rasande fart åt seg mot sør-vest.

— Før den tid hadde vi vona å avgrensa heile brannen ved Aarbø-elva. Vi trudde ikkje flammane ville koma seg over den, seier Gloppen, men der tok han feil — og det var no at Stord Brannvesen vart kontakta (ved 15,15 tida) og dei vart også gjort merksame på at brannen raste sørover — mot Tysevatn og Kattnakken — områda i Stord kommune.

Ved fem-tida om ettermiddagen var det klart at slokkingsmannskapa hadde makta avskjæra flammane frå skogen som leidde ned mot Rydlandsskogen. Sjølv om brannen rasa like hardt mot sør og aust, hadde menneska vunne sin andre siger den ettermiddagen over elden (den første var då dei makta avskjæra brannen frå gardane i nord), og fleire tok til å sjå ljosare på det.

» Faksimile frå Haugesunds Avis 16. april 1974.

FORUREININGSVERN OGSÅ EI OPPGÅVE FOR BRANNVESENET

Sommaren 1991 fekk brannvesenet i Fitjar ei viktig påminning om at det kan venta fleire oppgåver enn berre brannsløkking. Natt til 22. juli gjekk det russiske lasteskipet Vassilij Sukikov på grunn ved Gråmulen då det skulle flytta seg mellom to russiske fabrikkskip som låg på Fitjarvikjo.

Ein dieseltank blei skadd, og det begynte etter kvart å renna ein del olje. Personell frå Statens Forurensingstilsyn Sjøfartsdirektoratet blei tilkalla. Oljelenser blei rekvirerte frå Bergen med trailer. Ein gjeng frå brannvesenet i Fitjar måtte vera med og gjera dei klare for å fraktast ut til havaristen ved Gråmulen. Det blei lagt ut 400 meter oljelenser rundt det russiske skipet, og etter kvart greidde dei å avgrensa spreiinga av oljesølet. Og dagen etter spylte ein gjeng frå brannvesenet strendene for oljerestar der dieseloja hadde nådd land.

Den store katastrofen blei unngått, men dette var ei påminning om kva brannvesenet må vera budd på.



Båt på grunn

Det russiske skipet MS «Vasily Surnikov» gjekk på grunn utanfor Fitjar. Bilete er tatt 23.juli 1991. FOTO: HAUGESUNDS AVIS ARKIV

Oljelenser

Lensene vert klargjort for uleggjing. FOTO: HAUGESUNDS AVIS ARKIV

» Brannmannskap frå Fitjar er med og gjer klar oljelenser. Faksimile frå Haugesunds Avis.

BRANNEN I DÅFJORDEN I 1992

Ein annan stor skogbrann freste opp 2. juni 1992, men denne gongen snakkar me om fleire store brannar samstundes. Først blei det meldt om storbrann på Utslettefjellet, ein brann som nesten tok med seg husa på Hamrane, ovanfor Sagvåg sentrum. Frå Fitjar blei både Sivilforsvaret og Heimevernet kalla inn, og fitjarbønder stilte med tankvogner og høgtrykksspreiarar.

Men dei skulle få nok å gjera i egen kommune. Same dagen braut det ut ein heftig gras- og skogbrann i Fiskaneset i Dåfjorden. Då måtte bøndene hjelpa til der, saman med Fitjar brannvesen. Mange andre frivillige deltok òg i sløkkinga. Det bidrog til at denne brannen blei relativt greitt sløkt, sjølv om det såg dramatisk ut ei stund, og meir enn 400 mål blei svidd av.

VARSLING OG SAMBAND

Brannmannskapa blei «i alle år» varsla ved hjelp av sirena som var montert på toppen av branngarasjen. Derfor var det viktig å ha folk i brannvesenet som budde og arbeidde i nærleiken av Fitjarsjøen. I byrjinga måtte sirena slåast på manuelt, men etter kvart blei det som nemnt ordna slik at brannsirena kunne setjast i gang frå telefonstasjonen på Prestbø.

Endringa kom etter møtet i brannvesenet 22. desember 1953. Då blei det òg vedteke å kjøpa lykter til brannmannskapet til å setja på hjelmane, og å kjøpa signalpistol med 10 raude og 10 grøne skot.

Då telefonen i Fitjar blei automatisert i april 1975, blei me kopla til 001-sentralen på Stord. I 1977 blei felles varsling med Stord, Bømlo og Kvinnherad lagt til 001-sentralen på Husnes. I 1989 blei brannvarslinga flytta til 110-sentralen i Bergen, og frå 2002 til Haugesund. I dag kjem me som bur i Sunnhordland og på Haugalandet, til 110-sentralen i Sandnes. Dei varslar vidare til brannvesenet i Fitjar.

Frå byrjinga av måtte brannmannskapa høyra sirena på brannstasjonen ved Fitjarsjøen, men frå rundt 1990 blei dei utstyrte med personsøkarar. Varsling over tyfon vart avvikla i 1993, då alle mannskapa hadde då fått utdelt personsøkar. Signalet blei sendt via sendarhytta på Tuftalandsfjellet, som var i bruk fram nytt nødnett vart tatt i bruk i 2015. Då fekk alle brannmannskapa utdelt radio, slik dei har i dag.

No har alle brannmannskapa ein TETRA-radio, som er kopla til det nye, landsdekkjande digitale og avlyttingssikre nødsambandet som blei ferdig utbygt i Noreg i 2015. Via kanalen BAPS (Brann-Akuttmedisin-Politi-Samvirke) kan dei snakka med alle nødetatane samstundes. I tillegg har radioen mange andre arbeidskanalar.

» Brannmannskapa har kvar sin TETRA-radio av denne typen. Her kjem det inn alarmmeldingar på tekst, og mannskapa kan kommunisera over nødnettet med kvarandre, med politi, ambulanse og andre brukarar av det nye TETRA-nettet.

» På denne personsøkaren fekk brannmannskapa inn talemeldingar frå brannalarmsentralen, der det blei forklart kor det brann.

FITJAR BRANN OG REDNING I 2022

Brann- og redningsberedskapen i Fitjar kommune er bygd opp rundt ei deltidsordning, med utrykkingsleiar på vekevakt, og eit mannskap i tillegg i helger. Fitjar brann og redning har i dag totalt 15 deltidsmannskap, av desse har fem kompetanse som utrykkingsleiar, ni mannskap er godkjende som røykdykkarar, og ti har førarkort klasse C og godkjend utrykkingskode.

Utrykkingsleiar har dreiande vakt, og mannskap har i tillegg vakt i helgane. Det vert sett opp vaktlag i fellesferien, og ved høgtider som jul, nyttår og påske. Ved alarm blir alle disponible mannskap kalla ut. ABA, helseoppdrag og trafikkulykker utgjer størsteparten av utrykkingane.

Utviklingstrekka innan brannvernarbeidet dei seinare åra syner eit breiare spekter av oppgåver som det er forventa at brannvesenet skal handtera. Det kommunale brannvernet har gått frå å vera eit reint brannvern, til å bli ei kommunal redningsteneste. I dag har ein arbeidsoppgåver både innan overflateredning, akutthjelp, forureining, brannvern, førebyggjande brannvern og pågåande livstruande vald (PLIVO).

BRANNSJEFEN HEITER NESBØ, OG HAR TOPP MOTIVERTE MANNSKAP MED SEG!

I godt over halvparten av dei åra Fitjar har hatt kommunalt brannvesen, har brannsjefen heitt Nesbø. Noverande brannsjef, Tore Nesbø, er son til Osvald Nesbø, som var brannsjef i Fitjar meir eller mindre samanhengande frå 1953 til 1967.

Då Kåre Selle blei kommuneingeniør i Fitjar i 1967, overtok han ansvaret som brannsjef. Brannvernansvaret låg under både Kåre Selle, Sigurd Håland og Knut Vikestrand då dei hadde jobb som kommuneingeniør eller tilsvarande i Fitjar kommune. Men i 1994 blei Tore Nesbø tilsett som brannsjef, etter at han først hadde blitt tilsett som brannmeister sommaren 1993. Han er framleis brannsjef i Fitjar. Under alle desse leiarane hadde ingeniør Torgeir Steien hatt ein sentral jobb som varabrannsjef i mange år.

» Brannsjef Tore Nesbø har arbeidd med branntryggleik i Fitjar i rundt 30 år.

BRANNSJEF MED GOD BRANNVERNERFARING

Etter to år på Stavanger tekniske fagskule fekk Tore Nesbø jobb i Fitjar kommune. Først i eit vikariat som avdelingsingeniør på Teknisk Etat før han etter kvart fekk fast stilling som brannsjef i kommunen. Dette skjedde på ei tid då det hadde komme krav om at alle kommunar skulle ha brannsjef i ei viss prosent stilling.

Tore Nesbø har alle nødvendige kurs frå brannskulen, og vidareutdanning innan beredskapsleiing og brannteknologi ved Høgskulen på Vestlandet. Han fortel at han fekk smaken på yrket då han var i militæret. Det var første gongen han var borti brann og redning, og det gav meirsmak. Under førstegongstenesta var han i brannhavariavdelinga på Andøya flystasjon. Og det var ikkje noko «kjære mor». Det var skikkeleg drilling, og når offiserane syntest det blei for slakt, slo dei til med øvingar klokka 3 om morgonen. – Men dette var ei skikkeleg nyttig erfaring å få med seg, meiner Nesbø.

No har Tore Nesbø arbeid med branntryggleik i Fitjar kommune i snart 30 år, og han har vore med på ei rivande utvikling. Han kan gle seg over at dei har mykje nytt og topp moderne utstyr. Han nemner som døme den nye brannbiltanken, ein Scania 2018 modell med 10 000 liter vasstank og 300 liter skum og fjernstyrt vasskanon. Den bilen har stor betydning for beredskapen i kommunen, understrekar Tore, for det er krinsar som ikkje har kommunal vassforsyning med brannutak, eller tilfredsstillande vasstrykk til å sløkkja brann. Brannsjefen kan òg gle seg over å ha godt skolerte og topp motiverte folk rundt seg i brannvesenet.

Brann- og redningsvesenet i Fitjar rår i dag over følgjande transportmateriell:

- Mannskapsbil 2005-modell MB Atego 1328 AF med 2800 liter vasstank
- Redningsbil MB Sprinter 1997-modell
- Vaktbil MB GLK 2014-modell
- Tankbil Scania P450 mannskapsbil 2018-modell med 10.000 liter vasstank
- Båt Arronet 23,5 fot, 36 knop, 200 hk, årsmodell 2016
- Fitjar har også ein skogbranntilhengar saman med Stord

MANGE BRANNAR

Det har dessverre ikkje mangla på brannar i Tore Nesbø si tid som brannsjef. Grasbrannar har det vore tidt og ofte, men òg husbrannar der husa har brunne heilt ned. Det er diverre slik at når folk utanfrå ser flammar komma ut av eit vindauge, er det oftast for seint å berga huset.

Ein brann i Fitjarøyane midt på 90-talet var ei skikkeleg utfordring.

– Det synte seg at brannen var mykje meir omfattande enn me først hadde fått melding om, og fleire fritidsbustader brann ned, fortel Tore Nesbø.

» Bilder side 36-39: **1.** Brann i Fitjarstølane. **2.** Brann i Skrammavegen. **3.** Brann på Vestbøstad. **4.** Øving på Prestbø. **5.** Brann i Prestegardsløa. **6.** Brann på Aarbø.

REDNINGSBIL

«MENS DU VENTAR PÅ AMBULANSEN»

I 2004 fekk Fitjar brann og redning hjartestartar og opplæring i hjarte- og lungeredning (HLR), og i 2016 deltok dei på opplegget «Mens du venter på ambulansen» i regi av Norsk Luftambulanse. Dette opplegget gir brannmenn og andre i beredskap betre førstehjelpskompetanse, slik at dei kan ta hand om alvorleg sjuke og skadde inntil profesjonell hjelp kjem fram. Det både kan og har berga liv. Brannvesenet er jo som oftast dei første som kjem fram til åstaden. Dette har ikkje berre vore ei utfordring, men gjer jobben svært meiningsfull for brannfolka.

– Føler me har verdas mest takknemlege jobb.

Det sa nokre av karane i Fitjar og redning då me samla dei til ein prat på brannstasjonen i Årskog for nokre år sidan. Karar som altså gjer mykje meir enn å sløkkja brannar.

Utsegna ovanfor er spesielt sterke når me veit at dei fleire gonger har møtt på svært tøffe situasjonar i tenesta si. Når dei likevel kan seia noko slikt, heng det saman med at dei opplever, av og til heilt konkret, at tenesta deira er med på å utgjera ein forskjell. Dei har faktisk redda liv.

– Det er meiningsfylt, og det er drivkrafta bak at me står i denne tenesta, seier dei. Det tyder ikkje at ting ikkje rører dei, eller at dei går upåverka gjennom dei ekstreme situasjonane. Nokre av dei kan fortelja at dei til tider kan ha bilete på netthinna som gjer at dei ikkje sovnar så lett natta etter ei slik hending.

– Kva gjer de for å dempa dette?

– Når me kjem inn på stasjonen, har me det me kallar ei uformell

debriefing. Me begynner gjerne med å snakka om det tekniske, og gøymer oss litt bak dette. Men etter kvart kan det bli rom for å snakka om kva det har gjort med oss. Kanskje går òg to av oss ein tur rundt Vestbøstad i lag. Det kan òg vera ei god avreagering. I ekstreme situasjonar får dei òg hjelp til debriefinga frå profesjonelle aktørar, og ein har gjennom medlemskap i Vest brann- og redningsregion tilbod om denne typen bistand frå Klinikk for krisepsykologi.

FYLLER FRYKTTANKEN MED KOMPETANSE

– Det me gjer på førehand, er kanskje like viktig. Me fyller frykttanken med kompetanse. Slik kan me unngå panikk og resignasjon. Når me kan jobben vår skikkeleg, trør automatikken til i slike situasjonar. Då kan me òg både seia og vita etterpå at me gjorde så godt me kunne.

Det er sjølvsagt veldig individuelt korleis ein reagerer. Men den som ikkje er førebudd, eller slurvar med å tileigna seg kompetanse, vil lett komma til å slita, seier Johan Nilsen, ein av utrykkingsleiarane.

KLARE PÅ MINUTT

Det er eit svært engasjert mannskap me møter. Om dei treng større eller mindre debriefing til tider, gir dei uttrykk for at det stort sett går bra likevel. Om det skjer ei ny ulykke nokre dagar etter ei stor, er me klare, seier dei.

Klare vil seie at dei skal kunna stilla på brannstasjonen fire minutt etter alarm på dagtid og seks minutt etter dersom alarmen går om natta. Responstida blir korta ned med fleire minutt når den nye brannstasjonen er klar i Fitjar sentrum. – Når me får ny brannstasjon, skal eg klara å vera på plass etter eitt minutt! seier utrykkingsleiar Trond Henriksen.

KOMPETANSE

Mange tenkjer kanskje at eit frivillig brannvesen, eller eit deltidsbrannvesen, som ein gjerne seier i dag, ikkje er like seriøst som eit brannvesen med fulltidstilsette. Slik er det ikkje. Krava til folka i Fitjar brann og redning er dei same som for andre brannfolk, og karane er tydelege på at dei veit at dei skal utføra ei profesjonell teneste. Dei står på 100 prosent for å utføra oppgåvene sine så profesjonelt som mogeleg, og dei jobbar kontinuerleg med å vera oppdatert på nødvendig kompetanse og utstyr.

» I samtale med dykkarar i samband med ei taubåtulykke i Fitjar.

» Frå ei trafikkulykke på Stranda.

» Redningsaksjon etter beinbrot på Tufteland. FOTO: SIGRID FANGEL

MANGE ULIKE OPPGÅVER

Fram til 1997, då dei fekk redningsbil, bestod oppgåva til brannvesenet vårt stort sett i å sløkkja brannar. Men dei siste 25 åra har situasjonen blitt ein heilt annan.

Med redningsbilen kom òg klippeutstyr for å frigjera folk som til dømes sit fast i ein bil etter kollisjon. Utrykking til trafikkulykker har såleis blitt ei viktig oppgåve. Like eins rykkjer brannfolka ut ved arbeidsulykker – og i samband med maritime oppdrag i nær skjergard.

– Me er gjerne første etat på plass. Hovudoppgåva vår ved ulykker er å yta førstehjelp i første ledd, skaffa redningsetatane fri tilgang til pasientane og å hjelpa til med teknisk assistanse av forskjellig art. Me har òg som oppgåve å avgrensa skadane i området. Det kan vera å strø bork på oljesøl, å få tak i og leggja ut lenser ved oljesøl på sjø – og liknande, seier brannmannskapa.

Brannkonstablar i ein liten kommune må rykkja ut på mange forskjellige typar oppdrag, og brannvesenet er ofte dei første på staden. Når det gjeld både hjartestans og drukningsulykker, tel kvart sekund, og det seier seg sjølv at brannvesenet yter eit viktig bidrag til tryggleiken vår i Fitjar.

– Utrykkingstida frå Stord sjukehus er på om lag 25 minutt, så det hender me blir tilkalla til oppdrag som hjartestans, fortel utrykkingsleiar Trond Henriksen.

Han er, til liks med kollegaene i brannvesenet, sterkt oppteken av å vera til hjelp for andre. Mange av oppgåvene er svært dramatiske, og enkelte får eit tragisk utfall. Dette går sjølvsagt inn på Henriksen og kollegaene hans, som ulykka på flyplassen i Sørstokken i 1998. Men han kan òg fortelja om andre oppdrag, som kallar på smilebandet.

Ein gong blei brannvesenet kalla ut til brann på ein byggeplass. Då Henriksen kom fram, såg han ikkje noko gale, men nokre levande gasslys som kunne sjå ut som brann. Han drog ut stikkontakten, og spurde varslaren i andre enden av telefonen:

– Korleis ser det ut no?

– Jo, det ser ut som om de har fått bukt med brannen no, svarte varslaren.

Ein annan gong blei Henriksen kalla ut for å berga ein katt som sat fast i eit tre. Han drog ut saman med ein kollega, men oppdaga fort at

dei ikkje kunne klatra opp til katten i ein stige. Og katten gjekk lenger og lenger ut på dei tynne greinene, så det nytta ikkje å følgja etter han. Men Henriksen fekk ein god idé – han fann fram motorsaga og begynte å saga. Då treet nærma seg bakken, høyrde dei eit skrik, og katten hoppa ned og for av garde.

– Eg veit ikkje om katten nokon gong kom tilbake, men han kom iallfall ned, ler Henriksen.

NYE UTFORDRINGAR

Karane i Fitjar brannvesen er vidare opne for nye utfordringar. Dei ser gjerne at dei får kompetanse i overflateredning og høgderedning. Ikkje alle har dei same oppgåvene. Ikkje alle har spesialkompetanse i alt. Elles rullerer dei på det dei kan rullera på.

Under Fitjarfestivalen i 2015 fekk fitjarfolk sjå på nært hald korleis brannvesenet jobbar når dei står overfor det dei på fagspråket kallar «Klassisk bilulykke med fastklemt person».

Utrykkingsleiar Johan Nilsen, som orienterte publikum om det dei skulle få vere vitne til, fortalde at det i slike situasjonar gjeld om få personen som sit fast, ut av bilen så fort som mogeleg for å få vedkomande til sjukehus, men på ein slik måte at ikkje tilstanden til pasienten blir forverra. Er det akutt førstehjelp som ein kan gjera medan personen sit i bilen, som til dømes blødingar, tek ein seg av det først.

– Kor mykje ein klipper, heng saman med kor mykje pasienten er skadd, men det er pasienten som er i fokus, ikkje bilen, og me «ofrar» lett bilen for å berga pasienten og få han ut så skånsamt som mogeleg, sa Nilsen.

» Bilde side 46-47: Frå demonstrasjonen under Fitjarfestivalen 2015.

Fiskefestivalen
FBV
BRANN
FAGLEDER

37 FØV

FASTE ROLLER

Johan H. Nilsen fortalde vidare at brannfolka har faste roller i samband med ei slik ulykke. Ein er pasientansvarleg og har heile tida kontakt med pasienten og hjelper vedkomande med det han kan bidra med. Ein styrer vinsjen for mothald bak, slik at ein eventuelt kan trekkja av dører. Det er ein brannmann på kvar side av bilen og gjer arbeid der. Uttrykkingsleiaren koordinerer det heile, heile tida i kontakt med pasientansvarleg.

» Open dag på brannstasjonen er eit høgdepunkt for store og små.

OPEN BRANNSTASJON

Dei seinare åra har brannvesenet lagt stadig meir vekt på førebyggjande arbeid.

Utrykkingsleiar Johan Nilsen i Fitjar brann og redning poengterer at det førebyggjande brannvernet er det klart viktigaste. – Dette er heilt avgjerande, det er her det skjer, seier han. Når me kjem og sløkkjer brann, er det ofte for seint å redda verdiar. Me kjem for å avgrensa skadane og avverja større katastrofar, seier utrykkingsleiaren.

Fitjar brann og redning vitjar skular og barnehagar og held førstehjelpskurs i nærområdet. Ikkje minst er dei aktive i Brannvernveka, som

blir arrangert av Norsk brannvernforening, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap og If Skadeforsikring i samarbeid med lokalt brannvesen over heile landet. Den har blitt arrangert sidan 1980-talet og har blitt ein viktig tradisjon Noreg rundt, der tusenvis av barn får opplæring i branntryggleik.

Open dag på brannstasjonen i Årskog har etter kvart blitt eit årleg høgdepunkt for store og små. Arrangementet er blitt ein populær familieaktivitet, der barn og vaksne får gode råd om branntryggleik. Ulike konkurransar, sløkkjedemonstrasjonar og brannbilar er noko av det publikum har fått oppleva. For dei yngste er det alltid veldig populært å få prøva brannsprøyta, eller sitja i brannbilen med blålys og sirene på.

– Open brannstasjon gir oss eit høve til å formidla ein brannførebyggjande bodskap til publikum i ei tid på året da talet på bustadbrannar ofte er aukande, seier brannsjef Tore Nesbø.

Nye tal viser at hausttradisjonen *«Open brannstasjon»* framleis er viktig for å redusera omfanget av alvorlege bustadbrannar: Kvar femte familie har ikkje tenkt gjennom kva dei skal gjera om det begynner å brenna i eigen bustad, berre éin av åtte barnefamiliar har hatt brannøving heime, og berre éin av fire har avtalt møteplass. Brannvesenet oppmodar alle til å gjennomføra brannøving heime.

» Det er alltid kjekt å få prøva brannsprøyta.

» Stolte brannmannskap som bidrar til å gjera Fitjar til ein trygg stad å bu.
Frå venstre Ronny Korneliussen, Odd Harald Turøy, Johan Nilsen,

Trond Henriksen, Christer Innvær, Gisle Vik, Tore Nesbø, Bård Inge Sørfonn, Frode Kloster, Håvard Sele Oma, Stian Torland og Magnar Torland.

» Brannstasjonen ligg sentralt til. Like ved Fitjar kultur- og idrettsbygg.

FITJAR BRANNSTASJON

MEDLEMSKAP I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION

I 2019 vart Fitjar brann og redning medlem i Vest brann- og redningsregion, som er eit langsiktig fagleg samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i 18 kommunar i Bergens-regionen. Gjennom samarbeidet blir det etablert fagleg nettverk, regional innsats og leiarstøtte, overordna plandokument og felles kvalitetsstandardar. Hovudmålet med samarbeidet er å skapa ein tryggare kvardag for innbyggjarane gjennom eit formelt og strukturert nettverk for deling av kunnskap og erfaring.

– Me har eit veldig godt miljø blant mannskapet, det er nok ei stor del av grunnen til at folk vel å halda fram. Det er ikkje alltid like kjekt det me blir kalla ut på, men det at me er ein samansveist gjeng som har eit godt samhald, er eit stort pluss, seier Nesbø.

– Me synest det er kjekt å kunna hjelpa folk uansett kva situasjon dei er i. Motivasjonen vår er å bidra positivt i samfunnet og å hjelpa andre, det er derfor me er her, legg Trond Henriksen til.

I 2021 hadde Fitjar brann og redning 49 utrykkingar, i tillegg til ein del andre oppdrag. Det er ikkje langt frå éi utrykking i veka i gjennomsnitt. Så arbeidsledige har dei så visst ikkje vore.

Utruleg godt at det er nokon
som ikkje berre sit inne
når ulykka er ute.